



Infoarket Kjære kunde går ut til alle som er innom kundemottaket og til alle Auto 88 har kontakt med.

Auto 88 har god tilgang på arbeid. Odreboka er full 2 - 3 veker framover. Koronaviruset har med andre ord ikkje bremsa aktiviteten og tilgangen på arbeid på verkstaden Auto 88. Verksemda har iverksett tiltak for å redusera faren for smitte mellom kundar og tilsette, dette for å koma seg gjennom ei vanskeleg tid.

Auto 88 er i normal drift. Alle er i arbeid. Dagleg leiar, Anve Ljone Gausvik, fortel at kundane er flinke til å ta kontakt på telefon og på E-post. Færre møter fram i butikken. Ingen skal inn i verkstaden.

Auto 88 har tilbod om å henta og levera bilar i nærrområde. Ein er nøyen med reinhald og det vert alltid lagt setetrekk i bilen ved inn- og utkøyring. Alle skal vera trygge på at verkstaden held seg til direktiv frå styresmaktene for å avgrensa spreing av Koronaviruset Covid-19.



I kundemottaket er det sperreline og eit bord med antibac, eingongshanskar og informasjon.

Auto 88 gjer som andre verksemder og butikkar ved å vera bevisste på naudsynte tiltak. På infoarket les vi:

- Vi unngår fysisk kontakt, ikkje handhelsing
- Vi held minst ein meters avstand
- Vi brukar hanskar frå start til slutt når ein tek hand om bilen din
- Vi reingjer ratt, handtak, bilnøklar før utlevering
- Vi auka reingjeringa i kundemottaket og i verkstaden
- Vi vaskar hender ofte og brukar handsprit
- Vi tillet ikkje kundane å koma inn i verkstadorråde.

Som sagt: Auto 88 har god tilgang på arbeid og tiltak er iverksett for å unngå smitte.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal